

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2019



Foto: Kristen Dagsgard



## SAKLISTE TIL ÅRSMØTE I SKJÅK ALMENNING

### Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og sekretær
3. Val av 2 av dei frammøtte bruksberettiga til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap for 2019
5. Styret sine planar for det komande året
6. Fastsetjing av godtgjersle i 2020 for styremøte og andre møter, og fast godtgjersle til styreleiaren
7. Oppnemning av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjonsarbeid
8. Val av medlemmar til revisjon- og kontrollutval
9. Handsaming av evt. innkomne saker (må leverast skriftleg på almenningskontoret seinast 1 veke før årsmøtet)
10. Valet er ein integrert del av årsmøtet. Dvs. at vallokalet opnar når årsmøtet kjem til dette punktet i saklista og vallokalet stengjer når årsmøtedeltakarane på årsmøtet er ferdig med å stemme. Det blir gjeve moglegheit for at andre bruksberettiga, som ikkje deltek på sjølve årsmøtet, skal få stemme i dette tidsrommet.

Valkomiteen har kome fram til følgjande 8 kandidatar til almenningsstyret og 6 kandidatar til valkomiteen, alle har takka ja til å stille til val. Namna er lista opp alfabetisk:

Styret  
Brenna, Susanne Ramstad  
Bøye, Else Mona Staurust  
Eiesar, Pål  
Grimstad, Mona Haugen  
Ramstad, Kjell Egil  
Steinbakke, Ola  
Stenersen, Bjørnar Knutsødegård  
Aaboen, Kjell

Valkomite  
Andersbakken, Siv  
Gjeilo, Tore  
Maurstad, Liv Oddrun  
Sæther, Hans  
Tråstad, Anita  
Ørjasæter, Per Øyvind

Kunngjering av valresultat på same stad ca. kl. 14.00.  
Underskriving av protokollen.  
Årsmøtet slutt.

**Styret for Skjåk Almenning**

\*\*\*\*\*

*Skjåk Almenning - til det beste for jordbruket  
og til glede for alle*

# ÅRSMELDING 2019

## 1. STYRET

### Almenningsstyret

Kjell Egil Ramstad (styreleiar)	2016-2020	Arnstein Fjerdingsren	2018-2022
Mona H. Grimstad (nestleiar)	2016-2020	Vidar Vange	2018-2022
Kjell Aaboen	2016-2020	Ragnhild Løkken	2018-2022
Tordis Brandsar	2016-2020		

### Vara

Bjørnar K. Stenersen	2016-2020	Rune Plassen	2018-2022
Pål Eiesar	2016-2020	Liv Mona Johnsgard	2018-2022
Else Mona Bjørnstad	2016-2020	Roger Haugen	2018-2022
Tone Heldal	2016-2020		



(Almenningsstyret etter valet 2018. Foto: Jo T. Lyngved)

Styremedlemmar og varamedlemmar er valde for 4 år om gongen. Funksjonstida for styreleiar og nestleiar er 2 år.

### Møter og synfaring

Det er halde 7 ordinære styremøte i 2019, der det til saman vart handsama 50 saker. Ulike spørsmål har vore gjennomgått i styremøte i løpet av året og styret/deler av styret har delteke på arbeidsmøter og synfaringar i samband med bruksrettsspørsmål.

### Representasjon

Skjåk Trelast AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Bygger'n Skjåk AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Breheimen Nasjonalparkstyre	Birgit Bilstad
Reinheimen - Breheimen Villreinutval	Jo Trygve Lyngved (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Bruksrettsutval	Kjell Egil Ramstad, Vidar Vange og Tordis Brandsar
Rådgevande utval Reinheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Rådjevane utval Breheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Skjåk Turløyper SA	Birgit Bilstad
AS Vågåfisk	Birgit Bilstad
Vedlikehaldsforeininga for Tundradalsvegen	Kjell Olstad (styreleiar)
Skjåk Biovarme AS	Jo Trygve Lyngved (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Ottadalen Massivtre AS	Jo Trygve Lyngved (styreleiar)

Skjåk Almanning har sekretærfunksjonen for Norsk Almenningsforbund.

### Revisjon

Ernst & Young AS. Revisjons- og kontrollutval: Egil Mork, Lars Petter Forberg og Lars Skrinde. Dei to fyrstenemnde vart valde for 2 år i 2019, medan Lars Skrinde vart vald for 1 år.



## Tilsette

Almenningsstyrar  
Utmarksrettleiariar  
Utmarksrettleiariar - vikariat  
Skogbruksleiariar/naturopsyn  
Kontormedarbeidar  
Rekneskapsførar  
Sekretær Norsk Almenningsforbund  
Skogsarbeidar

Jo Trygve Lyngved  
Birgit Bilstad (permisjon frå 1 .september 2019)  
Kristen Dagsgard (frå. 1.august 2019)  
Kjell Olstad  
Kari Elin Sperstad  
Astrid Bjørnstad  
Sæbjørn Forberg  
Sylfest Forberg

## Årsmøtet 2019

Årsmøtet vart halde på Skjåk Turistheim 24. april 2019. Det møtte 16 bruksberettiga inkl. styret. Astrid Bjørnstad og Jo Trygve Lyngved deltok frå administrasjonen.

## 2. BRUKSRETT

Almenningsstyret har også i 2019 arbeidd med ulike bruksrettsspørsmål. Styret har vedteke festekontrakt for bruk på dei setrene med seterhus som har falle i det fri. Pr. 2019 gjeld dette 3 setrer. Styret har med vilkår gjeve løyve til utviding av seterkrve på Åsen. I juli vart det arrangert fellesmøte med representantar frå eigarlag og bruksrettslag i samband med gjennomgang av bruksreglane. Dei to laga fekk frist ut 2019 til å koma med innspel i høve denne revideringa, og arbeidet vil starte opp i 2020. Det har vore synfaring og kontroll av 3 bruksberettiga som har motteke bruksrettsytingar frå almenninga, ingen merknader vart gjeve.



(Geit på Mysubytta. Foto: Jo T. Lyngved)

Skjåk kommune har vedteke beitebruks- og beredskapsplan for 2019-2023, eit arbeid som starta opp i 2014. Skjåk Almending har delteke med ein representant med i dette arbeidet.

Det er elles gjeve løyve til sperregjerde i Raudalen. I ordninga med tilskot til utmarksgjerde er det utbetalt tilskot for gjerde på tilsamen kr. 4.140 (207 m).

I 2019 vart det sleppt 3.773 (4.783) sau og lam, 750 (892) storfe og 485 (485) geit på utmarksbeite Skjåk Almending. Tapet utgjorde 237 (277) for sau, 0 (2) for storfe og 0 (0) for geit (tal i parentes er frå 2018)


Samla ytingar til bruks- og eigedomsberettiga var i 2019 på kr. 1.883.140. I tillegg kjem verdien av utmarksbeite som er stipulert til godt over kr. 3.000.000 (tal frå landbrukskontoret).

### 3. SKOGEN

Skjåk Almenning er medlem av Glommen Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og skogforvaltningen på eiegenommen skjer i tråd med FSC Prinsipper og Kriterier. Glommen Mjøsen Skog er sertifisert gjennom Soil Association Certification Ltd. I tillegg er Skjåk Almenning medlem av Glommen Mjøsen Skogs PEFC sertifikat, og følger Norsk PEFC Skogstandard.

Almenninga har eigen skogbruksplan og forvaltningsplan. Planane inkluderer kartlegging og omtale av miljø- og kulturminne og fleirbruksomsyn, og blir revidert regelmessig. Siste skogtakst frå 2015 viser eit produktivt skogsareal på 82.051 daa, der 1.718 daa utgjer nøkkelbiotopar. I tillegg er om lag 54.000 daa skogsareal verna gjennom naturvernlova og naturmangfaldlova. Årleg tilvekst på det produktive arealet i hogstklasse 3,4 og 5 er 15.098 m<sup>3</sup>, medan årleg hogstkvantum ligg på om lag 11.000 m<sup>3</sup>. Hogstkvantumet er fordelt mellom kabelkranterreng og hogstmaskinterreng. Furu blir forynga ved planting eller naturleg forynging. Suppleringsplanting skjer der det er nødvendig og tilstanden til skogen blir vurdert som stabil og tilfredsstillande.

Ved gjennomføring av skogbrukstiltak blir det gjort før- og ettervurderingar. I dette ligg gjennomgang av aktuelle databaser for miljø og kulturminne. Biologisk rådgevingar er brukt der det er aktuelt med avklaring av enkelte artsfunn og naturtype-områder. Det ikkje avdekt skader eller andre utilsikta forstyringar på verneområde eller nøkkelbiotopar. Almenninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdiar siste år. Almenninga har aktivitet knytt opp mot fritidsaktivitetar og friluftsliv, og har gjennom representasjon og møter dialog med aktuelle brukargrupper. Skogsbilvegane er i hovudsak opne gjennom den snøfrie delen av året.



(Innmålt hogstkvantum 2009-2019, fordelt på slip og skurtømmer. Det høge volumet i 2012 er etter stormen Dagmar.)

#### Glommen Mjøsen Skog SA

Hausten 2018 gjekk Mjøsen Skog SA og Glommen Skog SA i gang med å sjå på moglegheitene for fusjon. Skogeigarane vart invitert til å koma med innspel i prosessen, der Skjåk Almenning kom med 2 høyringsvar. Sjølv om fusjonsprosessen fekk til dels mykje kritikk pga. av for lite involvering, korte tidsfrister og for lite informasjon og usikkerheit omkring effekten av ein slik fusjon, vart fusjonen endeleg vedteke i ekstraordinær generalforsamling 18. juni 2019.

#### Hogst

Innmålt kvantum i 2019 var 10.516 m<sup>3</sup>, der furu utgjer 100%. Av dette volumet var 53 % sagtømmer, medan resten var slip og anna virkje. Av totalvolumet er 2.964 m<sup>3</sup> kabelkranhogst, resten er vanleg sluttavvirkning. Det er gjennomført tynning i 2019, men dette tømmeret er ikkje innmålt pr. 31.12.

Snittprisen på skurtømmer og slip var høvesvis 461 kr/m<sup>3</sup> (451) og 294 kr/m<sup>3</sup> (276). Sagtømmeret gikk til Skjåk Trelast AS (49 %) Moelven (2%), Stora Enso (32 %) og Vida (17%) medan slipkvantumet vart levert til Skjåk Trelast AS og dei bruksberettiga (21 %) og Stora Enso i Sverige (79 %).

### Skogkultur

Planting er utført på 460 daa (323 daa nyplanting og 137 daa supplering), der det er planta 60.530 planter av A6 (25.520), A7 (30.850) og A8 (4.160) Skjåkproveniensen. Kostnaden er 5,5 kr/plante. Det er utført ungsogpleie på 654 daa (462 kr/daa) og forhåndsrydding på 300 daa. Markberedning er utført på 625 daa (kr. 388/daa). Kostnader er før eventuelle tilskot. Det er ikkje utført gjødsling eller bruk av kjemiske- eller biologiske midlar.

### Veganlegg

Opprustingsprosjektet i baksida i Bråtå (3.450 m og klasse 3) og nybygg av Slirstrondvegen (1.450 m og klasse 3) vart ferdiggodkjent og avslutta i 2019. Bottvegen og Åslivegen fekk under flaumen hausten 2018 skadar. Desse er retta opp i 2019.

### Naturskade

Dette året er det ikkje registrert naturskader på skog/skogsvegar av noko slag.

## 4. UTMARK

### Storvilt

2019 er det andre året av bestandsplan for elg, hjort og rådyr. Det har vore stort fokus på hjorteviltstamma i Skjåk dei seinare åra. Såleis vart det arrangert eit fellesmøte i mai 2019 med Skjåk



kommune der forvaltning og tiltak vart diskutert. Bestanden av elg og hjort i Skjåk har vore for stor. Ein må innsjå at bestandane har auka tross ei planlagt avskyting som skulle tilseie reduksjon. I førre bestandsplan (2015-2017) som vart godkjent av Skjåk kommune var det eit uttrykt mål om å redusere bestandane til eit akseptabelt nivå. I den bestandsplanperioden vart det felt 98,6 % av tildelt hjort (281 av 285), og 95,2 % av tildelt elg (257 av 270). I bestandsplanen for 2018-


2020 er det lagt opp til større uttak og det er gjort tiltak for å få ut fleire dyr (utvida jakttid, innmarkskvote på elg, store tillegskvoter og liknande.) Det er både feil og direkte misvisande når enkelte har teke til orde for at jaktrettshavarane i Skjåk har ynskt ei auke i bestandane eller ikkje lagt opp til uttak av tildelte dyr.

Fellingsrekorden frå 2018 (felling av 94 elg og 118 hjort i heile Skjåk) vart etter tilrettelegging frå Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd, og med god innsats frå jegerane, slått med god margin i 2019. 130 elg og 140 hjort i vart felt i kommunen.

	Elg	Hjort	Villrein	Rådyr
Kvote	<b>85</b> (70)	<b>70</b> (50)	<b>443</b> (452)	<b>40</b> (48)
Felt	<b>93</b> (65)	<b>43</b> (34)	<b>343</b> (380)	<b>11</b> (13)
Fellingsprosent	<b>110</b> (93)	<b>61</b> (68)	<b>77</b> (84)	<b>28</b> (27)
Kg. kjøtt	<b>11.600</b> (8.460)	<b>2.750</b> (2.319)	<b>Ca. 13.500</b> (14.800) stipulert	<b>165</b> (195) stipulert

(Nøkkeltal frå storviltjakta i Skjåk Almenning 2019. Tal frå 2018 i parentes.)

Villreinjakta 2019 gjekk føre seg med mykje fin jakt, høg fellingsprosent i Reinheimen og tilfredse jegerar. For heile villreinområdet vart fellingsprosenten 72,4 %. For Skjåk Almenning sin del endte fellingsprosenten på 77 % med slik fordeling: nordområdet 82 %, søraustområdet 66 % og sørvestområdet 79 %. Vinteren 2019 vart det funne mykje dyr på sør-vest, difor var det ekstra høge kvoter der. I løpet av jakthusten 2019 vart det i heile villreinområdet teke prøver av CWD for felte vaksne dyr (422 prøver i vårt villreinområde). Heldigvis var alle prøvene negative. Som i 2018 vart det i 2019 registrert ein del halte dyr i Reinheimen, noko som i hovudsak kom av fotråte. Dei halte dyra vart for det meste felt i løpet av jakta, anten av jegerar eller oppsyn.



(Totalkvote, felte dyr og fellingsprosent for villrein i Skjåk Almenning 1999-2019. Tala i overkant av søyla er kvote det enkelte år. )


Våren 2019 vart Skjåk Almenning stevna inn for tingretten i samband med utestenging av to storviltjegerar som hadde jakta utan å betale jegeravgift. Almenningsstyret godtek ikkje slik framferd og valde å stenge ute jegerane i høvesvis 1 og 3 år, sistnemnte pga. gjentatte lovbrøt og framvising av ugyldig jegeravgiftskort. Etter utestenginga brukte jegerane avisa som kanal for å leggje fram si sak, og saka vart framstilt særskilt. Det har delvis kome krasse skuldingar frå jegerane mot almenningsstyret og almenningsstyrar, der almenningsstyret blant anna har vorte skulda for maktmisbruk og heksejakt. Dommaren la ikkje vekt på desse usaklege momenta, og i den grundige dommen vart almenningsstyret frikjent på alle punkt. Vedtaket om utestenging var gyldig og ei korrekt avgjersle av almenningsstyret.

## Fiske

Basert på munnlege og skriftlege fangstrapportar, viste fiskesesongen 2019 gode resultat for fiskarane. Mange opplevde gode tilhøve for stongfiske og kunne vise til fine fangstar. Ein del fisk kunne nok virke mager, i så fall fyrst på sesongen. Dette hadde truleg samband med at det var veldig mykje gytefisk med den varme sumaren i 2018. Sesongen 2019 vart ein meir «normal sesong» med isfrie vatn i månadsstykke juni/juli. Til samanlikning vart Torsvatnet isfritt i byrjinga av juni det førre året.



I alt var det sett ut 2.650 aure i 2019, der 1.350 stk. to-årig fisk vart sett om vinteren og 1.300 stk. to-somrige vart bore ut av Skjåk Almenning og friviljuge i 13 ulike vatn fyrst i august. Fiskeutsetjinga blir stadig redusert, og det vil heller vera aktuelt med tiltak for bestandsreduksjon i mange vatn.



(Sal av fiskekort 2007 – 2019)


Det vart seld 1.547 fiskekort i 2019. Totalt var det ein nedgang på 90 kort frå 2018 til 2019. Dette skuldast nok at 2018 hadde ein spesielt lang og stabil fiskesesong.

Samarbeidet med Inatur og Fishspot fungerer godt, og resulterte blant anna i ein særst fin presentasjonsvideo av fiske i Skjåk som sirkulerer i sosiale medium. Marknadsføring av fiske i Skjåk i samarbeid med Inatur, Fishspot og Nasjonalparkriket held fram i 2020.

### Opplæring jakt og fiske

Skjåk Almenning var med som bidragsytar for jegerprøvekurset også i 2019. Dette bidraget er med på å gjera kurset gratis for deltakarar under 20 år. Dei siste åra har jegerprøvekurset vore eit vellykka samarbeid mellom Skjåk, Lom og Vågå. Fiskecamp vart ikkje gjennomført i 2019 da Skjåk Almenning heller valde å bidra i CampUT, arrangert av Fjelleventyret. 98 ungar deltok. Opplæringsjakta på villrein vart gjennomført i samarbeid med NJFF. Årets opplegg vart særst vellykka med 9 deltakarar og felling av alle fire løyver på Breheimen sørvest. Det er lagt opp til likeins opplegg i 2020. I september prøvde Skjåk Jeger- og Fiskarlag og Skjåk Almenning eit opplegg om introjakt på rype, men dette vart ikkje gjennomført på grunn av manglande påmelding. I november gjennomførte almenninga opplæring i kjøttskjæring av hjortevilt for elevane i valfaget natur, miljø og friluftsliv på Skjåk barne- og ungdomsskule.





(Utvikling i sal av kategoriar fiskekort til utanbygds 2010-2019)

### Småvilt

Jakt og fangst etter smårovvilt og predatorar er eit aktuelt mål for å sikre gode bestandar av matvilt. Fyrst og fremst er det ynskt uttak av smårovvilt i høgare strøk med tanke på rype- og skogsfuglbestanden. Rovviltkampanjen er vidareført som eit samarbeid mellom Skjåk Almenning og Skjåk Jeger- og Fiskarlag. I 2019 vart det gjort endringar for premiering, slik at alle som kjem over ein viss «poengsum» deler ein premieringssum på kr. 10.000. Samstundes blir alle som har felt raudrev i 2019/2020 prioritert fyrst for tildeling av rådyrkort i Skjåk Almenning.

For jaktåret 2018/19 (jakt på rev varar til 15/4), vart det betalt ut skotpremie for 81(60) raudrevar. Skotpremien har auka frå kr. 300 til kr. 500, eit mangeårig samarbeid mellom Skjåk Almenning, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og Sankelag. I tillegg vart det innrapportert felling og fangst av 23 mår, 23 mink/røyskatt, 17 korp og 172 kråkefugl.



(Fjellrype i vinterdrakt. Foto: Kristen Dagsgard)

Takseringane av rype vart som før utført av lokale fuglehundekvipasjar i august. 7 ulike område i Skjåk Almenning og 40,2 km linjer vart taksert. Resultatet viste til ein dårleg årsproduksjon. Totalen viste gjennomsnittleg 4,1 fugl pr. km med takseringsline og 2,11 kyllingar pr. par. Grovt sett er dette halvert i forhold til takseringa i 2018, og det lågaste på fleire år. Det dårlege resultatet skuldast nok kuldeperioden i klekkinga, samt eit veldig dårleg år mes smågnagarar. Tendensen var lik for store delar av Sør-Noreg.

Dette la grunnlaget for strenge restriksjonar i jakta og kvota vart sett til 1 rype/jeger/dag og totalt 5 pr. sesong/kort. Også i år var jaktstart for rype 15. september. Etter 25. september la snøen seg over 1000 m.o.h. og avgrensa dermed eit stort jaktbart område. Etter 30. september vart det ikkje seld rypejakt til utanbygdes jegerar. Vinterjakt på rype etter jul heldt fram for innanbygds. Grensene for freda område i Breidalen – Heimdalen vart justerte for 2020, men avgrensar framleis ein del av området mellom Heimdalen og Breidalen.

For jaktåret 2019/2020 vart det seld 64 småviltkort til innanbygdsbuande, fordelt på 34 sesongkort, 6 halvsesongkort haust og 24 halvsesongkort vinter. I tillegg vart det seld 12 smårovviltkort. 8 av korta var jegerar under 25 år. Rypejakta for innanbygds utgjorde 166 jegerdagsverk og felling av 56 ryper (0,34 rype pr. jegerdagsverk).


For utanbygdes vart det seld 83 enkeltkort, 13 jaktpakker, 4 smårovviltkort, 11 harejaktkort og 16 kort for fuglehundtrening. Rypejakta for utanbygdes utgjorde totalt 331 jegerdagsverk og resulterte i 182 felte ryper (0,54 rype pr. jegerdagsverk).

Jakt-år	Antal jegerar	Jegerar som har rapportert	Rapporterte jakt dagar	Felte lirype	Felte fjellrype	Felt rype per jegerdagsverk
2015/16	337	76 %	728	174	123	0,4
2016/17	344	81 %	635	211	172	0,6
2017/18	372	62 %	632	204	173	0,6
2018/19	212	74 %	399	182	139	0,8
2019/20	184	91 %	497	141	98	0,4

(Nøkkeltal rypejakta dei siste fem år – tal for både innanbygds og utanbygds.)

### Hytter/feste

Utleiehyttene er framleis mykje brukt, men veksten i antal utleigedøgn avtek og ser ut til å flate ut. Fleire av hyttene til Skjåk Almenning står ope og til fri disposisjon i reinsjakta. Det er ikkje statistikk over denne bruken, men ein kan sannsynlegvis rekne 50- 70 utleigedøgn ekstra. I Billingen hyttegrend er 1 tomt og visningshytta seld, og ved Liavatnet er 1 tomt seld i løpet av året.



(Utvikling utleigedøgn hytter/buer 2009-2019.)


## 5. ØKONOMI

### Rekneskap

Det samla driftsresultatet i 2019 kjem på kr. 4.206.295. Årsresultat etter finans og skatt, er på kr. 4.822.504. Av årsresultatet går kr. 2.752.804 til fri eigenkapital. Resultatet er betydeleg høgare enn budsjett og kjem seg i stor grad av auka inntekter i utmarks- og skogavdelinga pga. av store kvoter på rein og elg/hjort, samt at det var innmålt høgare kvantum i 2019 enn 2018.

Figuren nedanfor viser bidraget gjennom kontantutbyte, bruksrettsrabatt og kvantumsrabatt til dei eigedoms- og bruksbrettiga i Skjåk Almenning dei siste 10 åra. Totalt utgjorde dette kr. 1.883.140 i 2019. Dette er ein nedgang frå 2018, men utbetalinga ligg likevel over samanlikna med dei 10 føregåande åra.

Almenningsstyret meiner at framlagt årsrekneskap for 2019, saman med styret si årsmelding, gjev eit rettvisst bilete av årsresultatet og den finansielle stillinga til Skjåk Almending ved utgangen av året. Grunnlaget for vidare drift er tilstades, og årsrekneskapen for 2019 er sett opp under denne føresetnaden.



(Bruksrettsytningar og antal bruk med røyserett i Skjåk Almending 2009-2019).

## Industrielt eigarskap

### Skjåk Trelast AS med Bygger'n Skjåk AS:

På grunn av flaumen hausten 2018 vart det gjennomført store bygningsmessige endringar på høvleriet i 2019. SEBB AS har vore hovudentreprenør, og det 800 m<sup>2</sup> store tregolv er erstatta med isolert betonggolv. Samstundes har Skjåk Trelast AS investert i ny høvel og flishoggar. Restaureringsarbeidet har skjedd parallelt med innsetjing av ny høvel. Ved årsskiftet er det meste på plass, og ein ser fram til å kunne ta i bruk ny og moderne høvel. Det høyrer med til historia at den gamle høvelen er frå 1967.

I samband med investering i høvel og flishoggar ved Skjåk Trelast AS gjorde almenningstyret vedtak om å gje lån til bedrifta, samt auke aksjekapitalen. Pr. 31.12 har Skjåk Trelast AS lån frå Skjåk Almending på totalt kr. 5.850.000. I tillegg kjem aksjekapital på kr. 9.103.160.

Med oppstart av flisfyringsanlegget til Skjåk Biovarme AS, har styret i Skjåk Almending vedteke å konvertere høvleriet til oppvarming frå vannbåren varme. Dette arbeidet er ikkje ferdigstilt pr. 31.12, men i løpet av februar/mars skal Skjåk Trelast AS varme opp høvleriet med eigenprodusert flis.

Årsresultatet for Skjåk Trelast AS var i 2019 kr. 27.909. Almenningsstyret evaluerer si eigarmelding til Skjåk Trelast AS ein gong pr. år og har elles kontinuerleg fokus på sagbruksdrifta. For Bygger'n Skjåk AS var 2019 nok eit godt år. Årsresultatet var på kr. 1.140.057 og selskapet har ein eigenkapital på kr. 7.149.001.

## Skjåk Biovarme AS

I 2019 har selskapet som er eigd 60 % av Skjåk Almenning og 40 % av Lom Biovarme AS bygd ut fjernvarmeanlegg i Bismo. Dette inkluderer fyrhus, fjernvarmegrøfter og installering av kundesentralar. Den formelle opninga av anlegget gjekk føre seg 22. november 2019. Det vart halde open dag med servering og omvisning, og oppslutnaden var meget god. Ikkje alle kunder har kopla seg på ved årsskiftet, men ein ser for seg at dette skjer i løpet av våren 2020. Budsjettet for utbygginga er på samla kr. 15 mill, der Innovasjon Norge har gjeve tilskot på 45 %. Anlegget hadde berre 1 mnd. drift i 2019, noko som påverkar i årsresultatet i negativ retning med kr. 182.284.



## Ottadalen Massivtre AS

Skjåk Almenning er ein av 4 eigarar i selskapet i lag med SEBB AS, Langmorkje Almenning og Brun Bygg AS. I 2019 har det skjedd ytterlegare utviklingsarbeid og uttesting av krysslimde treplater (massivtre). Selskapet har gjort ein kapitalutvidelse med innskot av aksjekapital frå eigarbedriftene, og aksjeposten til Skjåk Almenning er no på kr. 250 000. Årsresultatet i 2019 kom på kr. 10.381.

Som ein del av sitt samfunnsansvar ynskjer Skjåk Almenning å vera med på utvikling i lokalsamfunnet. Industriengasjementa til almenninga er krevjande. Engasjement og deltaking i lokal næringsutvikling medfører nødvendigvis ein viss risiko for Skjåk Almenning.

## Diverse

I 2019 vart avkastning av fond brukt slik (sjå eigen tabell i notane):

### *Erstatningsfond Øvre Otta*

- Kr. 70.000,- til ungsogpleie.

### *Skjåk Almennings Utviklingsfond*

- Kr. 100.000,- i tilskot til Skjåk Turløyper for sesongen 2018/2019 og kr. 85.000 til skogsbilveg.

I 2019 har almenninga løyvd kr. 350.000 i opprusting av ny Dyringsbru og bidrege med 25 t høvling av Sotvegen.

Skjåk Almenning har i 2019 leigd ut arbeidskraft til SNO 147 t (168), Skjåk Trelast AS 197 t (279), Byggern'n Skjåk AS 213 t (241 t), Norsk Almenningsforbund 437 t (439 t), Skjåk Biovarme AS 629 t, Langmorkje Almenning 143 t og andre 91 t.



## 6. ANDRE OPPLYSNINGAR

### Arbeidsmiljø

I medhald av gjeldande lover og forskrifter fører verksemda oversyn over totalt sjukefråvær. I 2019 var sjukefråveret på 2,66 % av mogleg arbeidstid, mot 0,94 % året før. Skjåk Almenning er medlem i Frisk HMS AS.

Pr. 31.12.2019 er tre av ni tilsette kvinnelege. I almenningsstyret er 3 av 7 medlemmar kvinner. Personalpolitikken vert rekna som kjønnsnøytral på alle område.

### Ytre miljø

Skjåk Almenning er medlem av Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og Mjøsen Skogs PEFC gruppe-ordning, og følgjer Norsk PEFC Skogstandard. Nøkkelbiotopane blir overvåka av almenninga sjølv, samt at det blir gjennomført stikkprøvebaserte kontroller i regi av sertifikathaldar. Det ikkje avdekka skader eller andre utilsikta forstyrningar i verneområde eller nøkkelbiotopar i 2019. Almenninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdiar siste år.

Verksemda i almenninga fører ikkje med seg forureining av det ytre miljøet meir enn det som fylgjer av den vanlege skogsdrifta, med utslepp til luft frå skogsmaskiner og motorsager. Det vert nytta miljøbensin til motorsagene.

## 7. UTSIKTENE FRAMOVER

Skjåk Almenning er ein stor og samansett eigedom der fleire grupper har ulike interesser. Dette gjer drifta krevjande og set store krav til styret og dei tilsette.

Skogsdrifta i Skjåk Almenning er tufta på ressursgrunnlaget og kva som er lagt til grunn i skogbruksplanen. For å bruke denne ressursen på ein tilfredsstillande måte må det til betydeleg innsats på skogkultur og vegbygging. I 2018 og 2019 fekk massevirkeprisen eit etterlengta lyft, medan sagtømmerprisen har vore nokonlunde stabil. I løpet av 2019 har Mjøsen Skog SA og Glommen Skog SA fusjonert til Glommen Mjøsen Skog SA. Pga. geografisk plassering og skogtype er Skjåk Almenning avhengig av å ha eit aktiv og sterkt skogeigarsamvirke i ryggen. Nærleik til skogbrukstenester er og viktig. Med eit fusjonert selskap er det ei forventning om at dette skal gje høgare tømmerpris til skogeigar, samt at sikkerheit for avsetning blir oppretthalde. Både Mjøsen Skog SA og Glommen Skog SA var to solide og veldrevne organisasjonar tufta på samvirkeprinsippet. Samla sett vil eit sterkt og framtidretta skogeigarandelslag vera det beste for skogeigarar i vårt distrikt. Ein håpar at Glommen Mjøsen Skog SA innfrir sine forventningar i åra som kjem.

I 2019 har det vore investert betydelege beløp på sagbrukstomta. Skjåk Biovarme AS har investert nærare kr.15. millionar, medan Skjåk Trelast AS har investert i underkant av kr. 6 millionar i ny høvel og ny flishoggar. Samstundes er det påkosta om lag kr. 2,5 millionar i nytt golv og konvertering til vannbåren varme på høvleriet. Trelastbransjen er framleis utfordrande, men for å møte framtida må grep gjerast. Ein må pårekne å leggje inn innsats i opprusting av lokale og utstyr dei neste åra.

Skjåk Biovarme AS hadde 1 mnd. med drift i 2019. Anlegget teiknar godt, og med bruk av kvalitetskomponentar i både fyrhus og fjernvarmegrøft, skal dette gje mindre kostnader på drift og vedlikehald. Anlegget er dimensjonert til å kunne forsyne fleire kundar i Bismo i åra som kjem. Med eksisterande kundegrunnlag er det forventa å årleg levere omlag 2,3-2,5 gWh, avhengig av vintertemperatur. Varmeanlegget er samstundes eit særst positivt bidrag for Skjåk Trelast AS med flissal, samstundes som dette har ein betydeleg klimagevinst.

I reinsfjellet kan ein ane konturane av ei langsiktig endring. Villreinen er under stadig press, frå tobeinte, firbeinte og frå naturen si side. Summen av dette teiknar over tid dessverre eit noko dystert bilete for villreinen vår i sør-Norge; utbygging og utviding av hytteområde, auka menneskeleg ferdsel og utviding av turstignettet, vindmølleparker, militæraktivitet og ei rovviltforvaltning på villspor er døme på slikt press. Klimaendringane gjev varierende vær, der milde vintre med regn og ising av beitet ser ut til å bli meir vanleg. Høgare sommertemperaturar gjev meir insekt og mindre beitetid.

Dette fører vidare til mindre robuste dyr som er dårlegare rusta mot forstyrningar og frambrot av sjukdommar som for eksempel fotråte. Som rettshavar og ansvarlege villreinforvaltarar må Skjåk Almenning innsjå realitetane og ta innover seg dette i både ord og handling.

Styret har vurdert kva for virkning COVID-19 er venta å medføre for almenninga. Skjåk Almenning har ein solid eigenkapital og god likviditet, og pr dato for avlegging av årsrekneskapen har koronautbrotet kun påverka almenninga i mindre grad. Administrasjonen og styret fylgjer tett opp om utviklinga og set i verk nødvendige tiltak om dette er naudsynt. Det kan påregnas at både private og næringsdrivande kan få betalingsproblem eller gå konkurs slik at på stutt sikt vil dette auke almenninga sin kredittrisiko. Det er styret si oppfatning at COVID-19 ikkje har påverka almenninga si evne til fortsatt drift.



(Bilete frå Blankåhaugane mot Reinheimen påska 2019. Foto: Jo T. Lyngved)

Bismo, 31. desember 2019


27. mars 2020

**I styret for Skjåk Almenning**

  
Kjell Egil Ramstad  
(Styreleiar)

  
Kjell Aaboen

  
Tordis Brandsar

  
Mona Haugen Grimstad  
(Nestleiar)

  
Ragnhild Løkken

  
Arnstein Fjerdingsren

  
Vidar Vange

  
Jo Trygve Lyngved  
(Almenningsstyrar)

## SKJÅK ALMENNING

## RESULTATREGNSKAP 2019

	Note	2019 (hele kr)	2018 (hele kr)
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>DRIFTSINNEKTER</b>			
Salgsinntekter	12	17 409 267	15 474 694
Brukt skogavgift vedr. drift	7	1 674 082	2 275 154
Andre driftsinntekter		536 999	407 569
<b>SUM DRIFTSINNEKTER</b>		<b>19 620 348</b>	<b>18 157 417</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Forbruk av varer og tjenester	12	5 797 618	4 903 596
Lønnskostnader	2,12	3 514 834	3 552 249
Ordinære avskrivinger	3,12	472 429	448 751
Skogavgift	7	984 000	1 410 000
Andre kostnader	2,12	4 645 170	4 603 935
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>15 414 051</b>	<b>14 918 531</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>12</b>	<b>4 206 295</b>	<b>3 238 883</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Aksjeutbytte		31 608	24 998
Renteinntekter ansvarlig lån datterselskap	8	66 453	72 168
Andre renteinntekter		765 189	780 240
Andre finanskostnader		-10 041	-8176
Gevinst salg akjer/aksjefond		0	17 284
<b>NETTO FINANSINNEKTER</b>		<b>853 209</b>	<b>886 514</b>
<b>ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>5 059 504</b>	<b>4 125 397</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	1	237 000	236 280
<b>ÅRETS RESULTAT</b>		<b>4 822 504</b>	<b>3 889 117</b>
<b>DISPONERING AV ÅRETS RESULTAT</b>			
<b>Ytinger:</b>			
Bruksrettrabatter	9	669 154	781 525
Kontantutbytte	9	669 154	781 525
Kvantumsrabatter	1	544 832	667 990
Sum ytinger		1 883 140	2 231 039
<b>Andre disponeringer</b>			
Overført erstatningsfond Øvre Otta	10	67 625	67 379
Overført utviklingsfond	10	101 544	100 439
Overført verneområdeerstatning	10	17 391	17 346
Overført fri egenkapital	13	2 752 804	1 472 914
<b>SUM</b>		<b>4 822 504</b>	<b>3 889 117</b>

# BALANSEKONTO PR. 31. DESEMBER 2019

## EIENDELER

	Note	2019	2018
		(hele kr)	(hele kr)
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
Innkjøpt grunn		126 999	126 999
Bygninger	3	4 145 451	4 397 400
Opparbeidingskostnader hyttefelt L		447 300	497 000
Opparbeidingskostnader hyttefelt B		2 923 723	3 273 723
Maskiner, inventar og transportmidler	3	200 200	266 500
Aksjer, aksjefond og andeler	4,8	16 026 408	12 300 248
Ansvarlig lån til datterselskaper	8	5 850 000	3 650 000
<b>SUM ANLEGGSMIDLER</b>		<b>29 720 081</b>	<b>24 511 870</b>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
Hytte Billingen Hyttefelt		0	2 363 261
Kundefordringer	5,8	2 214 517	2 491 388
Andre kortsiktige fordringer		3 250 195	283 090
Bankinnskudd	6,1	31 165 825	34 242 930
Bankinnskudd bundne fond	10	10 059 347	10 145 178
Kasse		8 570	5 439
<b>SUM OMLØPSMIDLER</b>		<b>46 698 454</b>	<b>49 531 286</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>76 418 535</b>	<b>74 043 155</b>





## NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2019

### Note 1: Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med god regnskapsskikk for små foretak. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Varige driftsmidler med levetid over 3 år og kostpris som overstiger kr 15.000,- avskrives lineært over forventet økonomisk levetid. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under andre driftskostnader. Gevinst eller tap ved avgang av driftsmidler føres under henholdsvis driftsinntekter og driftskostnader. Varer er vurdert til det laveste av gjennomsnittlig anskaffelseskost og virkelig verdi. Kundefordringer og andre fordringer er oppført til pålydende etter fradrag for avsetning til forventede tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Almenningen har beregnet skogavgift på avvirkningen etter gjeldende regler.

Det vises til egen note vedr. skogavgift.

Almenningens skattekostnad består av betalbar inntekts- og formuesskatt. Almenningen er skattepliktig for deler av sin inntekt og formue.

